



Arkoconsult AS
Pb. 103 HTB-bygget
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/2310 - 15/30597

Saksbehandlar:
Margit Rimeslåttan
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2015

Svar på førespurnad om utsett frist - gbnr 212/80 Eikanger Øvre

Bakgrunn

Syner til e-post datert 22.09.2015.

I e-posten vert det vist til at det er gjennomført førehandskonferanse med Lindås kommune sidan tiltakshavar ønskjer å søkje/regulere området for å leggje til rette for lagringsplass for båthengarar. Det kjem fram av referatet frå førehandskonferansen at «Storleiken på og verknaden av tiltaket tilseier at det bør/må lagast reguleringsplan. Pbl. § 12-3 og pkt. 2.24 i komm.pl.».

I samband med denne prosessen vert det bedt om utsett frist for søknad om husvogn til 30.09.2016 til reguleringsplanen er vedteken. Det vert vist til at det er lite hensiktsmessig å søkje om den mellombelse bygningen på noverande tidspunkt då plasseringa av husvogna uansett må flyttast når reguleringsplanen vert godkjend.

Tilbakemelding

Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gje utsett frist for innsending av søknad for tiltaket. Vi syner i den samanheng til at kommunen har plikt til å forfølge ulovlegheiter, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 32-1, og tiltaket vert ikkje vurdert til å falle inn under pbl. § 32-1 2. ledd. Vi viser også til at det ikkje er gitt at ein eventuell reguleringsplan vert vedteken. Vi syner elles til at det er det høve til å søkje om mellombels dispensasjon for tiltaket, jf. pbl. § 19-3.

Vi ber difor om at søknad om tiltaket vert sendt innan 24.11.2015. Dersom søknad ikkje er komme inn innan fastsett frist, vil kommunen vurdere å nytte sanksjonsføresegnene i pbl. kapittel 32.

Med helsing

Tor Hegle
Avdelingsleiar byggjesak

Margit Rimeslåttan
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:
Hobby Boat AS

Øyna 1

5913

EIKANGERVÅG